

## Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slik forslag:

«Fylkesutvalet har ingen merknader til reguleringsplanen.»

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H, Frp og FNB fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet har ikkje særlege merknader til reguleringsplan for steinbrot på Aksla - Bremanger kommune.»

Andersen trakk sitt forslag.

### **Avrøysting til utsetjing**

Distad sitt forslag fekk 7 røyster (H, FNB, Frp) og fall.

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF og V fram slikt forslag:

«Endring:

Punkt 1

«...31.08.2018 når det gjeld kaien.»

Punkt 3 a vert nytt punkt 2.

Punkt 4 vert nytt punkt 3.

Resten vert stroke.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Heen sitt forslag fekk 15 røyster (A, H, Sp, FNB, MDG, V, KrF, SV) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet opprettheld motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018 når det gjeld kaien.

2. Fylkesutvalet er ikkje samd i den samla verdivurderinga som er gjort i konsekvensutgreininga for kulturminne og kulturmiljø. Etablering av utskipings- og kaianlegg for steinbrotet på Aksla på Inste Bårdvikneset vil skape store negative verknader for eit nasjonalt særskilt viktig kulturhistorisk landskapsområde som Vingen helleristningsområde er ein del av. *Motsegna vert trekt dersom kaianlegget til Aksla blir samkøyrtd med utskipingsanlegget til det allereie etablerte steinbrotet på Dyrstad.*

3. Vassmiljø.

Fylkesutvalet meiner det framleis manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.